



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 02.04.2014
Vår ref.: 2014/10105-6
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Melding om vedtak om fråsegn til utgreiingsprogram for vindkraftverk i Sveio

Vi syner til brev dagsett 18.12.2014 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Norsk Vind AS og Ryvind AS sine søknader om vindkraftverk i Sveio.

Etter avtale med NVE blei fristen for fråsegn utsett til 01.04.2014.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 27.03.2014 sak 69/2014 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare utgreiing av bygging av både Sveio vindkraftverk og Ryvind AS.

Satsing på fornybar energi er heilt nødvendig for å nå måla i Klimaplanen i Hordaland.

2. Oversiktskart som syner eksisterande og planlagde kraftverk i området og område med særskilt vern, skal vera del av søknaden.
3. Sumverknader av Ryvarden vindkraftverk og Sveio vindkraftverk skal inngå i utgreiinga.
4. Kraftproduksjon må vurderast i høve til den lokale og regionale kapasiteten i nettet.
5. Det skal gjennomførast prøvemålingar av vind i planområdet.
6. Kart med innteikna kraftverk, tilkomstveggar, anleggsveggar, kraftliner, kabelgrøfter, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
7. Det må utarbeidast støysonekart som også viser lågfrekvent støy, og tiltakshavar må kartleggja og illustrera skuggekast og refleksblink.
8. Det må stillast krav om grundig fotorealitisk visualisering med nærverknad og fjernverknad av tiltaket.
9. Flora, vegetasjon og fauna i planområdet og influensområdet må kartleggjast grundig og detaljert av tredje part med høg kompetanse på området. Hubro og særleg truga raudlisteartar skal prioriterast.

10. Konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne og kulturmiljø må ha høg prioritet. Utgreiingsprogrammet må ha særleg merksemd på Ryvarden fyr og Ryvardenmarka nord for fyret.
11. Lokalisering av vindturbinar i kombinasjon med landbruk må utgreiast.
12. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
13. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.
14. Fylkesutvalet vil presisera at omsynet til Ryvarden Fyr må verta sterkt vektlagt i endeleg plan.

Protokollmerknad frå SV

SV meiner punkt 1 i innstillinga strir mot hovudmålet om energi i klimaplanen..... "Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i hovudsak dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald."

Saksprotokoll ligg ved. Andre saksdokument vert sende i eigen e-post.

Gudrun Mathisen
leiar

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.03.2014

Aud Karin Oen sette fram slik protokollmerknad:

"SV meiner punkt 1 i innstillinga strir mot hovudmålet om energi i klimaplanen..... "Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i hovudsak dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.""

Sveinung Valle sette på vegner av A og SV fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune kan ikke støtte planer for bygging av vindkraftverk ved Ryvarden. Prosjekt Ryvarden vindkraft tas ut av utredningsarbeidet.
Pkt. 2: Ryvarden vindkraftverk ogtas ut
Pkt. 3-8: Står som innstillingen
Pkt. 9: Andre setning i punktet utgår
Pkt. 10-12: Står som i innstillingen"

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (A, SV, Sp, V) for Valle sitt forslag.
Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 3-8 vart vedteken mot 1 røyst (SV).
Innstillinga punkt 9 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 10-12 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 13-14 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare utgreiing av bygging av både Sveio vindkraftverk og Ryvind AS.

Satsing på fornybar energi er heilt nødvendig for å nå måla i Klimaplanen i Hordaland.

2. Oversiktskart som syner eksisterande og planlagde kraftverk i området og område med særskilt vern, skal vera del av søknaden.
3. Sumverknader av Ryvarden vindkraftverk og Sveio vindkraftverk skal inngå i utgreiinga.
4. Kraftproduksjon må vurderast i høve til den lokale og regionale kapasiteten i nettet.
5. Det skal gjennomførast prøvemålingar av vind i planområdet.
6. Kart med innteikna kraftverk, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, kabelgrøfter, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
7. Det må utarbeidast støysonekart som også viser lågfrekvent støy, og tiltakshavar må kartleggja og illustrera skuggekast og refleksblink.
8. Det må stillast krav om grundig fotorealistisk visualisering med nærverknad og fjernverknad av tiltaket.
9. Flora, vegetasjon og fauna i planområdet og influensområdet må kartleggjast grundig og detaljert

av tredje part med høg kompetanse på området. Hubro og særleg truga raudlisteartar skal prioriterast.

10. Konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne og kulturmiljø må ha høg prioritet. Utgreiingsprogrammet må ha særleg merksemd på Ryvarden fyr og Ryvardenmarka nord for fyret.
11. Lokalisering av vindturbinar i kombinasjon med landbruk må utgreiast.
12. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
13. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.
14. Fylkesutvalet vil presisera at omsynet til Ryvarden Fyr må verta sterkt vektlagt i endeleg plan.

Protokollmerknad frå SV

SV meiner punkt 1 i innstillinga strir mot hovudmålet om energi i klimaplanen..... "Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i hovudsak dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald."